

Årsmelding
for
Suldal Idrettslags årsmøte
2019



Årsmeldinga skal gi eit bilete av aktiviteten i idrettslaget, styret sitt arbeid og undergruppene sin aktivitet. Saman med rekneskapen skal årsmeldinga gi ein god oversikt over aktivitet og økonomisk status i klubben.

Sakliste og saksdokument for årsmøte i Suldal Idrettslag

Sakliste:

- Sak 1: Godkjenning av dei stemmeberettiga
- Sak 2: Godkjenning av innkalling
- Sak 3: Godkjenning av sakliste
- Sak 4: Godkjenning forretningsorden/møtereclar
- Sak 5: Val av dirigent
- Sak 6: Val av referent
- Sak 7: Val av to medlemmer til å underskriva protokollen
- Sak 8: Godkjenning av idrettslaget si årsmelding og undergruppene sine årsmeldingar
- Sak 9: Godkjenning av idrettslaget sin rekneskap i revidert stand
- Sak 10: Fastsetjing av medlemskontingent
- Sak 11: Godkjenning av idrettslaget sitt budsjett
- Sak 12: Godkjenning av reiseregulativet
- Sak 13: Godkjenning av idrettslagets organisasjonsplan
- Sak 14: Godkjenning av ny lovnorm
- Sak 15: Godkjenning av planar for snøproduksjonsanlegg lysløpa
- Sak 14: Val

Inkludert er desse dokumenta:

- Hovudstyret og undergruppene sine årsmeldingar
- Rekneskap med revisors beretning
- Styret sitt forslag til budsjett
- Styret sitt forslag til organisasjonsplan
- Valkomiteen si innstilling og styret si innstilling til ny valkomité

Suldalsosen 05. mai 2020
For styret i Suldal idrettslag
Aslak Moe, leiar

SAK 1: GODKJENNING AV DEI STEMMEBERETTIGA

For å ha stemmerett må ein vere fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme med fullmakt. Lovlig innkalla årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit antal medlemmer som minst tilsvarer antal styremedlemmer.

Forslag til vedtak: _____ Stemmeberettiga medlemmer er møtt og årsmøtet er vedtaksberettiga.

SAK 2: GODKJENNING AV INNKALLING

Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand direkte til medlemmane, eventuelt på annan forsvarleg måte, og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettside.

Forslag til vedtak: Innkalling til årsmøtet er _____.

SAK 3: GODKJENNING AV SAKLISTE

Innkallinga viser til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på idrettslaget si nettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til årsmøtet må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.

Forslag til vedtak: Saklista til årsmøtet er _____.

SAK 4: GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN - MØTEREGLAR FORSLAG TIL FORRETNINGSORDEN:

1. Årsmøtet vert leia av valt dirigent.
2. Vald referent fører protokollen. Protokollen skal underskrivast av valde medlemmer seinast 2 veker etter årsmøtet.
3. Ingen medlemmer må gis rett til ordet meir enn 3 gonger i same sak. Med unntak av hovudinnlegg frå dei forslagsstillerar som har forslag på saklista, blir taletida sett til: - 5 min. første gong. - 2 min. andre og tredje gong. Medlemmer som krev ordet til forretningsorden har 1 min. taletid. Ønskjer medlemmer å delta i debatten, blir dette vist ved handsopprekking slik at dirigent kan oppdatere talelista.
4. Dirigenten kan forkorta taletida, samt setja strek for påteikna talerar etter behov.
5. Alle vedtak og val avgjerast med alminneleg fleirtal, bortsett frå dei unntak NIFs lov og idrettslagets lovnorm fastset. Alle val der det føreligg fleire enn eitt forslag føregår skriftleg eller om det blir stilt krav om det. Blanke stemmesedlar tel ikkje, og stemmene reknast ikkje som avgitt. Øvrige avstemmingar skjer med handsopprekking.
6. Forslag og vedtak blir ført i protokollen med tal avgitte stemmer - for og imot, samt kven som har hatt ordet i saken.
7. Eventuelle forslag som kjem under forhandlingar, må leverast dirigenten skriftleg og vera signert med medlemmen sitt namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på saklista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkjast tilbake, og nye forslag kan ikkje fremjast, etter at strek er sett eller at saka er tatt opp til votering.

8. Begrepet «TIL FORRETNINGSORDEN» er for å tilkjenne at ein er ueinig i dirigentens måte å leia møtet eller voteringa på.

Forslag til vedtak: Forslag til forretningsorden er _____.

SAK 5: VAL AV DIRIGENT

Forslag til vedtak: _____ vert valt til dirigent.

SAK 6: VAL AV REFERENT

Forslag til vedtak: _____ vert valt til referent.

SAK 7: VAL AV TO MEDLEMMER TIL Å UNDERSKRIVA PROTOKOLLEN

Forslag til vedtak: _____ og _____ vert valt til å underskriva protokoll.

SAK 8: GODKJENNING AV IDRETTSLAGET OG UNDERGRUPPENE SINE ÅRSMELDINGAR

ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET SULDAL IDRETTSLAG 2019

Styret si noverande samansetning er:

Leiar:	Aslak Moe
Nestleiar:	Øyvind Gjuvsland
Kasserar:	Silje Færøy
Skrivar:	Kristine Bøe Berge
Styremedlem:	Vidar Jørgensen Nærheim
Varamedlem:	Hege Hiim Steine
Leiar trimgruppa:	Alf Aadnøy
Leiar skigruppa:	Per Even Tjøstheim
Leiar økonomigruppa:	Kari Havrevoll
Leiar fotballgruppa:	Jon Bråtveit
Leiar valnemnd:	Leif Bakka

Suldal idrettslag hadde ved utgangen av 2019 410 medlemmer, mot 447 året før. Ein del av medlemmene er utøvarar frå andre grender som er med på kretslega i fotball. I tillegg deltek fleire frå andre grender på skigruppa sine aktivitetar. Rekneskapen for 2019 syner eit underskot på om lag 34.000,- kroner, mot eit budsjett resultat på null kroner. Rekneskapen er i tråd med våre ønskjer og

forventningar, der ein har låg medlemskontingent og pengane skal komma medlemmene til gode i form av høgt aktivitetsnivå. Ein har ein solid eigenkapital, og eit lite underskot som i 2019 gir ikkje grunn til uro for framtidig aktivitet. I løpet av året har ein inngått nye hovudsponsoravtalar med Sparebanken Vest og Haugaland Kraft, samtidig som ein har forlenga samarbeidet med Statkraft for nye tre år. Med stor dugnadsinnsats, tre hovudsponsorar og mange mindre bidragsytarar i ryggen, har idrettslaget eit solid fundament for å oppretthalde dette aktivitetsnivået. Samtidig viser også rekneskapen at idrettslaget ikkje har ei inntektsside som gjer at ein kan ta store investeringar over drifta. Me skal heie fram og bidra i slike prosjekt i åra som kjem, men dei må langt på veg vere sjølvfinansierte gjennom tippemiddelsøknadar og bidrag frå næringsliv og andre aktørar.

Det har vore fire styremøte i perioden, der både hovudstyret og gruppeleiarane møter. Den viktigaste enkeltsaka det siste året har kanskje vore snøproduksjonsanlegget i lysløypa. Her har prosjektgruppa jobba godt mot både myndigheter og private bidragsytarar, slik at ein er i hamn med investeringsfinansieringa. Styret går difor inn for at ein set i gong med dette prosjektet.

Også det siste året har vore prega av høg aktivitet, både på deltakarsida og som arrangør. I alle aldrar har det blitt scora mål, jubla og heia i Prestavikjo, medan økonomigruppa har sytt for is og lappar til både tilskodarar og spelarar. Idrettslaget var arrangør av Suldalscupen i år, eit arrangement som hausta mykje lovord både frå deltakarane og naboklubbane. Rekordmange har deltatt på skitreningane anten det har vore i gymsalen, på rulleski, eller i lysløypa. Og innsatsen viser også igjen på nasjonalt plan slik som i Ungdommens Holmenkollrenn, der løparane våre leverte løp i toppklassen og klubben vart fjerde beste lag i klassen J13, kun slått av langt større skiklubbar frå Oslo. Trimgruppa er den gruppa som femnar breiast i Suldal, og eit rekordår i antall noteringar i turbøkene viser at aktiviteten blir godt mottatt av mosjonistar i alle aldrar. Nytt av året er også eit samarbeidsprosjekt ein har fått i stand med Vinjar skule, der alle 1. og 2. klassingane er blitt invitert med på ei allidrettstrening rett etter skuletid. Målet med tiltaket er å få flest mogleg av dei yngste med i fysisk aktivitet og leik utan at det skal gjere kvardagen meir travel for føresette. Oppmøtet har vore upåklageleg og me håpar at samarbeidet kan fortsetje i åra som kjem.

Som alle andre deler av samfunnet vart også idretten sterkt ramma av tiltaka i for å hindre coronasmitte utpå ettermøtet, der all aktivitet i første omgang måtte avsluttast. I skrivande stund har ein framleis ikkje starta opp aktivitetstilbodet og idrettslaget stiller seg lojalt bak dei retningslinjer som kjem frå myndigheter og idrettsforbundet sentralt. For idrettslaget som organisasjon er dette førebels ikkje kritisk, me er ein dugnadsbasert klubb som ikkje er avhengig av store inntekter frå arrangement for å dekke kostnadane vår. Men spesielt for alle dei yngre medlemmene er det eit stort sagn og ikkje kunne trene med venner eller spele kamp som før. Me kryssar fingrane og håpar situasjonen snart tillet at ein kan starte opp igjen med all den positive aktiviteten i bygda.

Avslutningsvis må det sjølvsagt rettast ei stor takk til alle støttespelarar og sponsorar, og ikkje minst alle leiarar, trenarar, foreldre og føresette tilknytte Suldal idrettslag. Den innsatsen de gjer for idrettslaget er umåteleg viktig både for barn, unge og vaksne!

Suldalsosen 04.05.2020
Aslak Moe, leiar

ÅRSMELDING 2019 - FOTBALLGRUPPA SULDAL IL

Styret i fotballgruppa 2019:

Ane Hoås Foldøy
Siri Fisketjøn Indrebø
Neri Fisketjøn
Svein Øystein Berge
Jon Bråtveit, leiar

Involverte aktive og frivillige

Fotballgruppa har hatt eit aktivt år der mange har bidratt både som deltakarar og frivillige. Stor skrøyt til alle som har stilt som trenarar, lagleiarar og oppmenn på laga våre i Suldalsserien og i kretsseriane. Takk til dei som dømmer kampar, til dei som held banen, området, kiosk og ballbu ved like. Takk til fotograf som har dokumentert aktivitet og nye drakter. Takk til medlemmene i fotballgruppa og til andre med administrativt ansvar. Ikkje minst takk til sponsorar som bidreg økonomisk, med drakter og andre tenestar.

Utan denne innsatsen, ville me ikkje hatt aktivitet. Ein må ikkje nødvendigvis ha så stor kunnskap om fotball, men ein må ha engasjement for at ungar og ungdom skal trivast, motiverast og få utvikling. Me vil ha endå fleire vaksne med!

Totalt har me hatt 195 spelarar, 21 trenarar, 4 oppmenn og 19 dommarar i sving i fotballen i 2019. Totalt 51 frivillige har bidratt i fotballgruppa. Det har blitt spelt 71 seriekampar i Prestavikjo i tillegg til 76 kampar under Suldalscupen.

Arrangør Suldalsserien- og cupen 2019

Suldal IL har vore arrangør av serie og cup i 2019. Fotballgruppa har gjort ein god jobb der. Me omstrukturerte ungdomsskuleturneringa til tre samlingar der alle laga møtte på ein arena og spelte to kampar kvar ein ettermiddag/helgedag. På tre samlingar fekk alle sju laga møta kvarandre, og det blei kåra ein vinnar. Dermed blei det litt swung over ungdomsserien, den har slite med å fungera dei siste åra. Tilbakemeldingar på denne endringa er berre gode.

Røldal IL tok kontakt før sesongen og lurte på om det var mogleg for dei å delta i vår serie og cup. Dei andre klubbane i Suldal meinte det var greitt, og dermed har Røldal IL blitt ein del av Suldalsserien- og cupen.

Elles gjekk serie- og cupspel godt, cupen blei arrangert i strålande vêr med svært godt oppmøte i Prestavikjo. Takk til alle som bidrog, spesielt til samarbeidspartnarar som hadde konkurransar og hjalp til med praktiske ting, og til økonomigruppa som svingde seg rundt på kort varsel.

6-åringar:

For andre året har 1. klassingane starta opp eiga trening frå hausten. Målet var å få dei betre rusta til å delta i miniknott-fotballen når den tek til over nyttår. Desse treningane blei leia av Lars Erik Dalva og Tore Vik. Alle spelarane som skulle vera med måtte stilla med ein vaksen, slik at trenaren kunne konsentrera seg om fotball. Dette har vore ei positiv oppleving. Omlag 10-12 1. klassingar deltok.

Klasse miniknott:

Trenarar/lagleiarar: Dagfinn N. Havrevoll, Tom Gardsteig og Øyvind Gjuvsland, med ekstra hjelp frå foreldre.

Det har vore med 25 spelarar frå 1. og 2. klasse i løpet av sesongen. Trening frå etter nyttår.

Me stilte med 3 lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Sand og Statkraftcup i Suldalshallen.

I Sentrumsupen i Sauda i april hadde me med to MIX 7-lag.

Klasse knott:

Trenarar/lagleiarar: Mikkel Kral, Ronny M. Rugland, Tommy Bevren-Hanssen, Vidar J. Nærheim

Det har vore med 30 spelarar frå 3.-4. klasse i løpet av sesongen.

Her er det også mange spelarar, men dei er noko eldre og dermed går treningane lettare utan at ein treng så mange foreldre inn til å støtta undervegs.

Trening frå etter nyttår.

Me stilte med 3 lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Sand og Statkraftcup i Suldalshallen. I Sentrumscupen i Sauda i april hadde me J9, G9 og G10-lag. Me hadde og med G10 på Ryfylke Trelastcup på Tau, Hjelmeland Sparebank-cup i august og Macron-cup i Haugesund i oktober. Me ønskjer å leggja til rette for at lag kjem seg ut på cupar. Det er opp til trenarar å visa interesse for dette. At det berre er G10 som har vore på cupar har med dette å gjera.

Klasse lilleputt:

Trenarar/lagleiarar: Neri Fisketjøn, Raymond Krogh og Tommy H. Espe.

Det har vore med 28 spelarar frå 5.-7. klasse i løpet av sesongen.

Trening frå etter nyttår.

Me stilte med 3 lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Sand og Statkraftcup i Suldalshallen. Eit av laga vann Suldalsserien.

I Sentrumsupen i Sauda i april hadde me med G11.

Klasse ungdomstrinn:

Trenar/lagleiar: Torjus Steine

Det har vore med 10 spelarar frå 8.-10. klasse i løpet av sesongen.

Dei har hatt trening ein gong i veka. Mange av spelarane er i tillegg med på treningar og kampar med Suldalsgutane- og jentene.

Me stilte med eitt lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Sand og Statkraft-cup i Suldalshallen. Suldal IL vann serien, men kom ikkje heilt opp i cupane.

A-laget herrer:

Trenarar: Arne Abrahamsen

Oppman: Tor Olav Berge

A-laget har hatt 30-40 spelarar innom på trening. 22 spelarar spelte kamp i 6. divisjon i 2019.

Spelartroppen har vore stabil og det er blitt trent godt. Sesongen vart ein suksess der laget kjempa i toppen og om opprykk heile sesongen. Det enda med 2. plass, der det var eit mål det stod om for å nå førsteplassen.

Suldølar busett i Stavanger har framleis treningstilbod i ein gymsal der dei kan møtast sportsleg og sosialt.

A-laget damer:

Trenar: Petter Hoås

Oppmann: Andrea Erfjord Eilertsen

I fjor var første gong Suldal IL hadde med eit damelag i seriesystemet. I år var første gong med 11'ar-lag. Omlag 20 spelarar har vore med på trening og kamp. Laget spelte i nord-fylket, og til tider var det ei utfordring å få nok spelarar til kampar, men laget fullførte sesongen, fekk god erfaring og enda på ein 7. plass med fire sigar.

Suldalsgutane- og jentene:

G14 11'ar:

Trenarar: Tor Arne Sigstad, Kristian Steine, Øyvind Marvik

Oppmann: Knut Helland

Omlag 16 spelarar i alderen 13-15 år frå heile kommunen har vore med på G14.

Laget kom på 10. plass med fem sigrar og var eitt poeng i frå å klatra to plassar. Trenar to gonger i veka.

Dugnad som vakter i Suldalshallen.

G15/16 9'ar:

Trenarar: Arne Vatland, Torjus Steine, Isak Berge Espe

Oppmann: Tamara Roganovic

Lite tilgang til spelarar gjorde at me måtte melda på G15-lag 9'ar med nokre dispensasjonar på 16-åringar for å få til lag. Dessutan visste me at me berre hadde lag i vårsesongen på grunn av at spelarane flytta på skule til hausten.

Arne Vatland var hovudtrenar. På grunn av nordsjøjobb måtte han ha hjelp, og det fekk han av Torjus Steine og Isak Berge Espe. Sporty av desse å stilla opp, og dei var med og skapte god entusiasme rundt laget den halve sesongen. Så godt gjekk det at laget gjekk heilt til topps!

J17 9'ar:

Trenarar: Ørjan Underbakke

Oppmann: Ørjan Underbakke

J16 frå 2018 vart til J17 i 2019, med Ørjan Underbakke som trenar. Han har gjort ein flott jobb og fått laget til å prestera på banen, og til å gjera jentefotball attraktivt. Me har fått god påfyll av yngre jenter som om våren hang seg med på J17-treningar, og som til hausten danna ein solid tropp til eit nytt lag. På same måte som for G15/16-laget, visste me at me nok berre kunne stilla dette laget i vår-sesongen på grunn av fråflytting til skule. Laget gjorde det bra, og kom på delt 2. plass.

J14:

Tanken var at ein skulle melda på eit J14-lag i haustsesongen fordi me hadde god tilgang på yngre spelarar, men dei var for unge til å gå inn på J17-lag. Dessverre var det fullt i J14-seriane slik at jentene ikkje fekk eit serietilbod. Ørjan hadde likevel treningar med laget, og dei spelte to cupar: I Score Cup i Randaberg Arena rett før jul, hadde me med to lag; J13 og J14. Dei gjorde ein kjempeinnsats, J13 tapte B-finalen, mens J14 haldt på å gå heilt til topps, men tapte A-finalen. Me hadde også eit J15-lag med på Pizzabakeren Regy Cup i Haugesund i haust.

Spelar på kretssamling og kretslag

Mari Indrebø har dei siste to åra vore fast på sonesamlingar for J14 i regi av Rogaland Fotballkrets.

Det siste året har ho spelt seg til fast deltaking på kretslaget til Rogaland som har spelt turneringar mot andre kretslag. Ho er også med på treningar med Team Haugaland Kraft i regi av Avaldsnes IL og på fotballskule i regi kretsen.

Henriette Hebnes har også vore på sonesamling med J14.

Dommar:

G14-laget og dame- og herrene sitt a-lag fekk oppsett dommar frå kretsen.

Suldal IL måtte sjølv ordna dommar til aldersbestemt i Suldalsserien, G15/16 og J17.

Me hadde ekstra behov for dommarar i år sidan me arrangerte Suldalscupen.

Desse har dømt i 2019:

Svein Øystein Berge, Neri Fisketjøn, Siri F. Indrebø, Torbjørn Indrebø, Torjus Steine, Isak Berge Espe, Tor Olav Berge, Lars Ivar Øie, Bjørnar Indrebø, Kristina Kvæstad, Jone Odden, Thomas Brustveit, Svein Egil Holmestad, Lina Baustad Hoås, Odd Åsgeir Lunde, Knut Nærheim, Hans Olav Brustveit, Sindre Vik, Bård Gundersen, Håvard Fatnes, Jørgen Mikkelesen, Lars Kristian Moe

Trenarkurs

Suldal IL har i samarbeid med FK Haugesund arrangert to trenarkurs for trenarar i heile Suldal kommune. Det har vore omlag 20 trenarar for aldersbestemte lag med på kvar av samlingane. Dette ønskjer me å vidareutvikla i ei eller anna form. Målet er å utdanna flest mogleg til Grasrot-trenarar.

Fotballbanen, kioskbygg og ballbu:

Lars Herabakka har teke over jobben med å lufta og brøyta banen, og gjer ein god jobb med dette. Noko dugnad er gjort for å halda kontroll på graset rundt banen, men me ser framleis behov for større dugnadsinnsats for å shina opp området. Arne Vold har skoga deler av skråninga mot samfunnshuset og fått veden som kompensasjon for denne ryddejobben.

Økonomigruppa sin kiosk skaper ei flott ramme rundt kampar. Taket på kiosken måtte vølast, og det tok Simmen Bratland og Dagfinn N. Havrevoll seg av.

Odd Åsgeir Lunde og Geir Bjarte Hoftun er baneansvarleg, dei har med anna sørnga for at kunstgraset er limt og at måla og netta er heile, samt er med på ryddedugadar.

Det er blitt montert drikkevasskrane frå Statkraft sin vaskehall slik at spelarar og kiosk har lettare tilgang til vatn.

Fotografering og sponsorar:

Me har halde fram å fotografera laga med tanke på profilering mot sponsorar. I år har me fått nye drakter med nye sponsorar, og Petra Odvodny har gjort ein flott jobb med å ta bilde både til dette formålet og til dokumentasjon på heimesida. Leiar i fotballgruppa har sendt informasjonsbrev og takkebrev med bilde til sponsorane til Suldalsgutane- og jentene, til hovudsponsorar i Suldal IL og til skiltsponsorar i Prestavikjo..



Nye drakter:

Sidan idrettslaget har skifta ut sponsorar, måtte me til med nye drakter. Det har vore ein stor jobb både for underteikna og for trykkarane på Sand Sport. Nokre av draktene var noko små i storleik, så det blei litt arbeid i utleveringa og innsamlinga av draktene. Det er bestilt supplement til draktene til 2020-sesongen. Ein av hovudsponsorane, Sparebanken Vest, står for flotte, gratis drakter til alle laga til

Suldal IL, frå miniknott til senior. Det har vore ei kjempeflott gåve som me set stor pris på! Med supplementdraktene har Suldal IL motteke omlag 260 nye drakter frå Sparebanken Vest!

FIKS:

Dagfinn Nesbø Havrevoll er ansvarleg for at spelarane på krets nivå er registrerte, samt ansvarleg for påmelding av lag på krets nivå. Her gjer han ein stødig jobb.

Elles som før:

Har delteke på dugnad, vakter i Suldalshallen, div. møte i fotballgruppa, spelarmøte A-laget, møte om Suldalshallen, i hovudstyret, trenar/lagleiarmøte, terminlistemøte, møte med kulturkontoret, sonemøte i kretsen, samarbeidsmøte med Suldalgutane- og jentene, avslutningsarrangement, vedlikehald kunstgrasbane + div. gjeremål som dukkar opp undervegs i ein sesong.

Hatt ansvar for bruken av Vinjar gymsal i midtveke.

Arrangert "Nyttårs cup" i gymsalen Vinjar.

Har hatt grundige evalueringar frå trenarane som me bruker til vidare utvikling.

Økonomi:

Viser til rekneskapen for 2019.

Suldal Idrettslag, fotballgruppa

Jon Bråtveit, leiar.

21. April 2020

ÅRSMELDING 2019 - SKIGRUPPA I SULDAL IL



Styret 2019:

Leiar: Per Even Tjøstheim

Nestleiar: Sverre Vik

Skrivar: Dagfinn Havrevoll

Styremedlem: Arne Mehus

Styremedlem: Oddny Lunde Bakka

Trenarar: Stig Morten Nerheim, Sverre Vik, Aslak Moe, Jens Marcussen, Ingrid Nafstad Lyftingsmo, Astrid Gundersen, Oddny Lunde Bakka, Dagfinn Havrevoll og Per Even Tjøstheim.

Treningar:

1.-3. og 4. klasse og eldre trena fast tysdagar. Skileik var hovudaktiviteten på treningane ved Mosvatnet om vinteren og 25-30 ungar var med. Rulleski på våren og hausten fram til haustferien. Skigruppa lånar ut fleire par kombisko og rulleski til dei yngste. Innetrening i gymsal frå midten av oktober med omlag 20 ungar, medan 10-12 løparar frå 4. klasse og oppover hadde trening ute. Dagfinn, Astrid, Ingrid, Oddny, Jens, Aslak og Per Even hadde ansvar.

5. klasse og oppover trena fast tysdagar og torsdagar med om lag 15 ungar/ungdomar samt nokre foreldre. Skitreninga har føregått i lysløypa og i Breiastølsdalen. Barmarkstrening har vore på rulleski og joggesko fram til oktober/november og inne i gymsalen på Sand skule fram til vinteren kom i månadskiftet november/desember. Stig Morten, Sverre og Per Even samt fleire foreldre har hatt ansvaret.

Renn

Suldal IL arrangerte i 2019 turrennet Mosvatnet rundt, distanserenet Suldalsrennet og var medarrangør av Telenorkarusellen.

Det var nokre færre deltakarar ved Mosvatnet rundt med 87 deltakarar og det var spesielt i seniorklassane nedgongen var størst. På ei anna side var lokale løparar, både vaksne og unge, flinke til å stille og det var spesielt utanbygds deltakarar ein sakna.

Suldalsrennet blei arrangert i lysløypa og hadde omlag 100 startande og dei lokale løparane var veldig godt representerte med 45 born, ungdommar og vaksne. Suldal IL arrangerte to av karusellrenna og om lag 240 deltakarar var med dette året. Ved første karusellrenn hadde me nyopning av lysløypa etter at både løypetrasèen og lysanlegget var ferdig utbetra. Ordførar Gerd Helen Bø stod for opninga og det var bollar og saft til alle som ville ha.

Suldal IL sine løparar har vore representerte på ein rekke renn frå lokale sonerenn, til kretsrenn, KM, Ungdommens Holmenkollrenn, Norgescup junior, junior og senior NM og turrenn både innanlands og utanlands. Løparane til Suldal IL markerer seg godt på resultatlistene.

Suldal IL var òg som vanleg representert på rulleskirenna Blinken, Lysebotn opp, Blink Classics i tillegg til Sommarland skifestival i Bø og Kanalrennet i Lunde.

Miljøtiltak:

Skigruppa har fast tradisjon med å delta på kretsen sitt opningsrenn på Hovden. Dette er blitt ein sosial tradisjon der me bur saman på hytter, går skirenn og trenar. Saudasprinten har også vore ein fast klubbtur med overnatting på hytte midt i skiløypene. I 2019 var KM Rogaland Agder arrangert i samanheng med Saudasprinten. Me ser at fellesturane kor me har vore opptil 40-50 reisande, er populære og viktige for miljøet og samhaldet i skigruppa.

Sonesamlingar i sone Ryfylke

Suldal IL arrangerte saman med Hjelmeland ei sonesamling på barmark på Gullingen i november. Elles deltok løparar frå Suldal på sonesamling på Lyngmyr i Sauda. Denne helga blei òg nytta som kurshelg for trenarar og foreldre. Åtte vaksne frå Suldal deltok på aktivitetsleiarkurset som hadde barmarkstrening for barn og unge som tema. Dette kurset er det første trinnet i utdanningsstigen til NSF.

Investeringar/vedlikehald

Det som blei gjort av vedlikehald i lysløypa var slått av gras i løypa med beitepussar og rydding rundt stadion. Det blei òg gjort noko tiltak ved veggen ned til båtutslepp for å slette løypa meir.

Det blei kjøpt inn løypeskilt og andre infoskilt til plassering i lysløypa.

Gjennom Hjertbank-aksjonen til Sparebanken Vest fekk skiruppa inn over 80.000 kr til kjøp av materiell i gymsalen. Pengane blei brukte på ulike element innan Air-tracksystemet og det er meininga at både skigruppa, andre treningsgrupper og skulen kan nytta utstyret.

Det er i 2019 arbeidd vidare med planlegging av snøproduksjonsanlegg i lysløypa. Prosjektgruppa gjorde endringar i investeringsplanen ved å nedskalere prosjektet til om lag 1,5 km og om lag 3,2 millionar. Dette for å få godkjent søknad om tippemidlar med den finansieringa ein har på plass per i dag. Ny søknad blei sendt inn før nyttår og svar er venta første halvdel av 2020. Planen er å byggje ut fullt anlegg etter kvar som ein har pengar på plass, vel 5 mill. kr.

Dugnad

I tillegg til å stille på dei vanlege dugnadane for idrettslaget, vaskar skigruppa dei offentlege toaletta ved lysløypa og har tilsynet med Gullinghuset etter eigen avtale. Det er også gjennomført mange timar dugnad i samanheng med skirenn.

Trenarar/styre

Drifta i skigruppa er heilt avhengig av aktive og initiativrike trenarar og styremedlemer i skigruppa, og ikkje minst støttande foreldre. Både trenarar og styre har saman med foreldre gjort ein fantastisk jobb, oppgåver er fordelte og mange har teke ansvar.

Utfordringar framover

Den største utfordringa er for tida å halde på dei eldste ungdommane i gruppa og laga eit aktivt miljø for dei. Målet vårt er at så mange som mogleg skal få positive opplevingar ved aktivitetane i skigruppa, uansett nivå og alder. Det er òg ei utfordring at det har minka noko på tal deltakarar ved skirenn, då spesielt deltaking frå utanbygds deltakarar. Kva kan ein gjere for å oppretthalde og utvikle deltakinga.

Andre utfordringar i 2020 er å starte arbeid med snøproduksjonsanlegg.

Suldalsosen 01.04.2020

Per Even Tjøstheim

ÅRSMELDING 2019 - ØKONOMIGRUPPA SULDAL IL

Styret i Økonomigruppa 2019:

Leiar: Kari Havrevoll
Styremedlem: Else Kristin Hilde Krogh
Styremedlem: Kristine Helgeland

Vinteren 2019 vart det arrangert fire skirenn der økonomigruppa hadde ansvar for kiosken. Dette var travle og inntektsbringande renn for Suldal IL. Siste rennet var 17.mars og det vart ei lita pause for gruppa fram til sesongstart for fotballen.

I mai var me igjen klar for kiosk ned på fotballbanen. Me forsøkte å legge opp til kiosk på A-lags kamper, både for damer og menn, og dagar med fleire enn to kampar. Då spesielt på torsdagane. Dette er eit fint tilbod, som me trur alle sett pris på. Sjølv om det er dagar med mindre sal enn andre er det fint å ha muligheit til å kjøpa seg for eksempel ein kaffi.

Økonomigruppa hadde ansvaret for kiosk på Suldalcupen, som fotballgruppa arrangerte i september. Det var ei travel helg med førebuing på fredag og gjennomføring på laurdag, men ansvarlig for kiosk denne dagen, Else Kristin Hilde Krogh, med ein flott dugnadsgjeng, gjennomførte dette med glans. Denne laurdagen var svært inntektsbringande for Suldal IL, med ca. 20 tusen i fortjeneste bare på kiosken.

Det vart ikkje gjennomført byttedag i haust med tanke på at det ikkje var så stort oppmøte på byttedagen i 2018. Kan hende det er større interesse for ein slik dag i 2020.

Må til slutt rette ei stor takk til alle dugnadsfolk som stiller opp i kiosken både til fjells og ved fotballbanen!

Kari Havrevoll, 10.mars 2019
Leiar økonomigruppa

ÅRSMELDING 2019 - TRIMGRUPPA SULDAL IL

Styret i Trimgruppa 2019:

Siri Horvei
Mina Lunde
Alf Aadnøy – leiar

Fantastisk bra besøk på Skogstrimmen for 2019. Rekord med totalt 5839 besøkende. Opp med 12,5% i forhold til 2018, og opp 5% i forhold til rekordåret 2017. Førlandsøyane er best besøkt med 2150, og opp med 20% i forhold til i fjor, er det "Bever effekten" kanskje?? :-)

	2017	2018	2019	%	Endring %
Førlandøyane	2249	1799	2150	36,8	20 %
Vassbotn	1512	1427	1585	27,1	11 %
Stråpanuten	917	1040	932	16,0	-10 %
Prestastølen	317	333	405	6,9	22 %
Gunnveitåsen	331	214	376	6,4	76 %
Vinjarnuten	125	200	227	3,9	14 %
Fisketjønsvardane	79	139	109	1,9	-22 %
Midtstølen	33	38	55	0,9	45 %
Total	5563	5190	5839	100,0	13 %

Trekning av premier Trimgruppa for 2019.

(Blir annonsert på Årsmøtet til Suldal IL)

Stråpanuten - Gyrid Bakka
Førlandsøyane - Hilde Bergjord
Vassbotn - Anne Brustveit Steine
Prestastølen - Lars Vaage (Sand)
Gunnveitåsen - Geir Helland
Midtstølen - Nils Bjarne Vold
Vinjarnuten - Ronny Mehus Rugland
Fisketjønsvardane - Øyvind Gjuvsland

Premie: gavekort pålydende 500,-

Ballspelgruppa for damer - Kontaktperson er Hege Hiim Steine.

Dametric Step/aerobic - Kontaktperson Petra Odvody

Begge desse gruppene har i 2019 hatt liten aktivitet, vi håper at vi i 2020 kan få opp aktivitetsnivået.

Yoga har gått fast hele året og har att fleire nye deltakere i fjor. Kontaktperson er Gunn Tove Eikeland

Gubbatrimmen er eit fotballtilbod for vaksne karar på tysdagane, med godt oppmøte heile året.

Underbakke 01/04-2020

Alf Aadnøy

Forslag til vedtak: Hovudstyret og undergruppene sine årsmeldingar vert godkjende. .

SAK 9: GODKJENNING AV IDRETTSLAGETS SIN REKNESKAP I REVIDERT STAND

Forslag til vedtak: Det framlagte rekneskapet for rekneskapsperioden 01.01.2019 – 31.12.2019 med uttale frå revisor er godkjent utan kommentar. Resultatet for 2019 er -34.272 kroner. Laget har ein eigenkapital på kroner 1.220.883,-

SAK 10: FASTSETJING AV MEDLEMSKONTINGENT

Medlemskontingenten i Suldal idrettslag for 2019 har vore:

- Born kr 250,-
- Vaksne kr 300,-
- Familie kr 600,-

Samanlikna med andre idrettslag av same storleik og aktivitetsnivå har Suldal idrettslag låg medlemskontingent, og styret ønskjer at medlemskontingenten skal vera låg. På grunnlag av årsrekneskapen for 2019 er det heller ingen grunn til å auke medlemskontingent.

Forslag til vedtak: Medlemskontingent for 2020 nyttar same satsane som 2019. Ungdomar inngår i familiemedlemskap til og med det året ein fyller 17.

SAK 11: GODKJENNING AV IDRETTSLAGET SITT BUDSJETT

Forslag til vedtak: Budsjett for 2020 er godkjent utan kommentar.

SAK 12: GODKJENNING AV REISEREGULATIVET

Forslag til nytt reiseregulativ er handsama av styret og vert lagt fram for årsmøte til endeleg godkjenning:

REGLAR FOR REISEGODTGJERING I SULDAL IDRETTSLAG

1. Suldal Idrettslag yt godtgjersle til medlemmer når dei deltek på stemne utanfor kommunen. Godtgjering for bruk av skyssmiddel innan kommunen vert ikkje dekkja med unntak av naudsynt rutebåt / ferje.
2. Reisa skal skje på billigaste måte. Suldal Idrettslag har ingen ting imot at det vert nytta dyrare reisemåte dersom den/dei reisande sjølv dekkjer ekstraavgiftene.
3. Reiserekning skal leverast gruppeleiar for attesting og utbetaling snarast etter at reisa er avslutta
4. Laget dekkjer reise og overnatting for utsendingar til ting og liknande.
5. Gruppeleiar peiker ut reiseleiar. Reiseleiar for born skal ikkje betala eigenandel
6. Det vert utbetalt ei kilometergodtgjersle tilsvarande 50% av Statens satsar for kilometergodtgjersle og tilleggssats for passasjer.
7. Innan kommunen betalar kvar passasjer kr. 20,- til bileigaren.

8. Suldal idrettslag yt godtgjersle mot framvising av kvittering for overnatting på inntil 750 kroner pr. døgn.
9. For reiser der forventa totalkostnad vert over 5.000 kroner skal reisa godkjennast i førekant – jfr. punkt 12.
10. For reiser utanfor kommunen skal det betalast eigenandel.
11. Gruppeleierane er ansvarlege for at alle som representerer Suldal Idrettslag har betalt medlemskontingent.
12. Etter særskild førehandssøknad kan Suldal Idrettslag yte godtgjersle utover dei satsane som er fastsett i reiseregulativet i forbindelse med kurs, konferansar, større idrettsarrangement og liknande. Søknad skal handsamast av det respektive gruppestyre eller hovudstyre.
13. Reiseregulativet skal godkjennast årleg av årsmøtet.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner styrets forslag til reiseregulativ.

ORGANISASJONSPLAN FOR SULDAL IL



Grunnlagsopplysningar for Suldal IL

Namn: Suldal Idrettslag

Skipa: 21.02.1946

Idrett: Fleiridrettslag

Postadresse: 4237 Suldalsosen

E-postadresse: leiar@suldal-il.no

Rekningar: E-post: kasserar@suldal-il.no

Bankkonto: 3633 65 51255

Banksamband: Sparebanken Vest

Internettadresse: www.suldal-il.no

Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 983958605

Anleggsadresse: Prestavikjo

Telefon: 930 93 110

Registrert tilknytning til Rogaland idrettskrets

Registrert tilknytning til Suldal idrettsråd

Registrert tilknytning til Rogaland fotballkrets, Agder og Rogaland skikrets

Klubbnummer i NIF sitt medlemsregister: KL11340003

Årsmøtemånad: Mars


FØREMÅL

Suldal IL skal være ein open og demokratisk organisasjon der føremålet er å driva idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Arbeidet skal vera prega av friviljug innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idrettslaget er sjølvvegande og frittståande med kun personlege medlemmer.

ORGANISASJON



Suldal IL har følgjande undergrupper:

- Fotball, Ski, Trim, Økonomi og prosjektgruppe for lysløypeprosjektet.

Lovnorma vedtatt av årsmøte er overordna norm for organisering og drift av laget. Suldal IL har eit hovudstyre med 5 medlemmer og 1 varamedlem. Styremedlemmer, leiar, nestleiar og varamedlem blir valt på årsmøte. Elles kan styret konstituera seg sjølv (skrivar, kasserar m.m.), jmf lovnorma.

VAL

Undergruppene sender forslag på nye kandidatar til si undergruppe til valkomiteen i god tid før årsmøte. Valkomiteen samlar inn og lagar forslag til val til årsmøte. Årsmøte skal vedta valet og alle verv inkludert medlemmer i undergruppene.

Valkomiteen skal veljast av årsmøte på fritt grunnlag etter innstilling frå styret (Lovnorm §15.10.f).

Undergruppene konstituerer seg sjølv (vel leiar m.m.).

STYREMØTA

Leiar i dei 5 undergruppene møter på styremøta til Suldal IL. Styremøta har sak med orientering frå undergruppene, slik får styret orientering frå leiarane i undergruppene direkte.

Innkalling til styremøte skjer ved bruk av e-post (leiar kallar inn). Styrereferata blir sendt per e-post (skrivar sender ut). Det blir halde 3-5 styremøte per år. I tillegg tar ein enkeltsaker via e-post/telefon utanom møta viss behov.

BUDSJETT – REKNESKAP

Budsjett vedteke av årsmøtet er forpliktande for drifta av heile laget. Gruppene skal halda seg til sine godkjente budsjett.

Det skal leggast fram rekneskap for styret. I samband med dette skal gruppene vurdere/kommentera den økonomiske situasjonen sin.

Årsmøte i Suldal IL har vedtatt at kasserar kan disponera lagets bankkontoar og nettbank aleine. Leiar skal ha innsyn i lagets bankkontoar og nettbank.

Forslag til vedtak: Framlagde organisasjonsplan vert godkjennd.

SAK 14: GODKJENNING AV NY LOVNORM

Ny lovnorm for idrettslag vart vedtatt av Idrettstyret 23. oktober 2019. Det er eit krav at alle idrettslag tilknytt Norges Idrettsforbund vedtar det nye lovnorma i årsmøte.

LOV FOR SULDAL IDRETTSLAG

Skipa 21.02.1946

I. INNLEIANDE REGLAR

§ 1 Formål

- (1) Formålet til idrettslaget er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).
- (2) Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§ 2 Organisasjon

- (1) Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med berre personlege medlemmer.
- (2) Idrettslaget er medlem av Rogaland fotballkrets, Agder og Rogaland skikrets.
- (3) Idrettslaget er medlem av NIF gjennom Rogaland idrettskrets og er tilslutta Suldal idrettsråd.
- (4) Idrettslaget skal overhalde regelverket og vedtaka til dei overordna organisasjonsledda. Regelverket til NIF gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.

§ 3 Medlemmer

- (1) For at ein person skal takast opp i idrettslaget, må vedkommande
 - a) akseptere å overhalde regelverket og vedtaka til idrettslaget og dei overordna organisasjonsledda
 - b) ha gjort opp eventuelle økonomiske forplikingar til idrettslaget og andre organisasjonsledd i NIF
- (2) Styret i idrettslaget kan i særlege tilfelle nekte ein person medlemskap. Før det blir gjort vedtak, skal personen gjerast kjend med bakgrunnen for saka og få ein frist på to veker til å uttale seg. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve, og det skal informere om høve til å klage. Vedtaket kan klagast inn til idrettskrinsen innan tre veker etter at det er motteke. Klagen skal sendast til styret i idrettslaget, som eventuelt kan gjere om på vedtaket. Dersom vedtaket blir halde ved lag, blir klagen send til idrettskrinsen innan to veker.
- (3) Medlemskap i idrettslaget er først gyldig frå den dagen kontingent er betalt.
- (4) Medlemmen pliktar å overhalde regelverket og vedtaka til idrettslaget og dei overordna organisasjonsledda.
- (5) Utmelding skal skje skriftleg og får verknad når ho er motteken.

- (6) Idrettslaget kan ta medlemskapen frå ein medlem som etter purring ikkje betaler den fastsette medlemskontingenten. Ein medlem som skuldar kontingent for to år, taper automatisk medlemskapen sin i idrettslaget og skal strykast frå medlemslista til laget.
- (7) a) Styret i idrettslaget kan i særlege tilfelle ta medlemskapen frå ein medlem for ein periode på inntil eitt år. Før vedtak blir gjort, skal vedkommande gjerast kjend med bakgrunnen for saka og få ein frist på to veker til å uttale seg. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve, og det skal informere om høve til å klage.
- b) Når ein medlemskap blir fråteken, kan den som saka gjeld, krevje at ordinært/ekstraordinært årsmøte handsamar saka. Personen har rett til å vere til stades når årsmøtet handsamar saka. Kravet må setjast fram innan éi veke etter at vedtaket er motteke, og årsmøtet må deretter haldast innan éin månad.
- c) Når ein medlemskap blir fråteken, kan vedtaket frå idrettslaget klagast inn til idrettskrinsen innan tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til styret i idrettslaget, som eventuelt kan gjere om på vedtaket dersom det er gjort av styret sjølv. Dersom vedtaket blir halde ved lag, blir klagen send til idrettskrinsen innan to veker. Vedtaket frå idrettslaget trer ikkje i kraft før klagefristen er gått ut, eventuelt når klagesaka er avgjort.
- (8) Idrettslaget skal føre elektroniske medlemslister i idretten sitt nasjonale medlemsregister i tråd med forskrift gjeven av Idrettsstyret.

II. TILLITSVALDE

§ 4 Kjønnfordeling

- (1) Idrettslaget skal arbeide for lik kjønnfordeling ved val/oppnemning til styre, komitear osv. og ved representasjon til årsmøte/ting. Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komité osv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd skal både kjønna vere representerte. Samansetjinga skal samsvare med kjønnfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det ved val/oppnemning av meir enn tre personar skal veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld òg der det blir valt meir enn éin varamedlem. Representanten for dei tilsette tel ikkje med når kjønnfordelinga skal reknast ut.
- (2) Dersom nokon blir vald eller oppnemnd til styre, råd, utval/komité osv. i strid med regelen, skal styret innan éin månad etter årsmøtet sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte, der det blir gjort nytt val. Eksisterande medlemmer i det aktuelle styret, den aktuelle komiteen osv. blir sitjande til det er valt/oppnemnt nytt styre, ny komité osv.
- (3) Idrettsstyret kan påleggje idrettslaget å oppfylle vilkåra i regelen, medrekna å kalle inn til nytt årsmøte eller gjennomføre ny oppnemning.
- (4) Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege forhold, gje dispensasjon frå denne regelen for eit val / ei oppnemning.

§ 5 Generelle reglar om røysterett, valbarheit, forslagsrett m.m.

- (1) For å ha røysterett, for å kunne veljast til årsmøte-/tingvalde organ og for å kunne veljast/oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd må ein ha fylt 15 år i løpet av kalenderåret, vore medlem av idrettslaget i minst éin månad og ha gjort opp dei økonomiske forpliktingane sine til idrettslaget.

- (2) Ein medlem kan ikkje samstundes ha meir enn eitt av desse verva i idrettslaget: medlem av styret, valkomiteen, kontrollutvalet, lovutvalet, revisor, medlem av utval som pålegg sanksjonar.
- (3) Ein medlem kan ikkje ha styreverv i fleire idrettslag som deltek i same konkurranse. Tilsvarande gjeld andre tillitsverv som gjev høve til å påverke den aktuelle konkurranseaktiviteten, eller tilgang på informasjon som kan brukast til fordel for eitt av idrettslaga.
- (4) Forslagsrett:
 - a) Ein medlem har rett til å fremje forslag til og på årsmøtet i idrettslaget.
 - b) Styret i idrettslaget har rett til å fremje forslag til og på årsmøtet i idrettslaget.
 - c) Ein komité eller eit utval som har møterett, har rett til å fremje forslag til årsmøtet i saker som ligg innanfor arbeidsområdet deira, og representanten eller representantane for komiteen/utvalet har rett til å fremje forslag på årsmøtet innanfor arbeidsområdet til komiteen/utvalet.
- (5) Møte- og talerett:
 - a) Ein representant frå overordna organisasjonsledd har møte- og talerett på årsmøtet i idrettslaget.
 - [b) Revisoren har møte- og talerett på årsmøtet i saker som ligg innanfor hans/hennar arbeidsområde.]

§ 6 Røysterett, valbarheit og representasjonsrett for ein arbeidstakar

- (1) Med arbeidstakar etter denne regelen er det meint ein person som
 - a) utfører lønt arbeid for idrettslaget tilsvarande ein stillingsbrøk på meir enn 20 %, eller
 - b) får meir enn 1 G i lønn / andre ytingar frå idrettslaget gjennom eit kalenderår.
- (2) Ein arbeidstakar i idrettslaget har ikkje røysterett på årsmøtet i idrettslaget og kan ikkje veljast til styre, råd, utval/komité osv. i idrettslaget eller overordna organisasjonsledd. Ein tillitsvald som får relevant tilsetjing, pliktar å tre ut av tillitsvervet når vedkommande byrjar i stillinga, og kan ikkje tre inn att før tilsetjingsforholdet er avslutta.
- (3) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast eller nemnast opp som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller nemnast opp ein representant som er arbeidstakar i det organisasjonsleddet der representasjonen skjer.
- (4) Regelen er ikkje til hinder for at idrettslaget gjev dei tilsette rett til å peike ut éin eller fleire tilsettere representantar til styret i idrettslaget.
- (5) Ein person som er vald eller oppnemnd i strid med regelen, blir ikkje rekna som vald eller oppnemnd.
- (6) Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege forhold, gje dispensasjon frå regelen for eit val / ei oppnemning.

§ 7 Valbarheit og representasjonsrett for andre personar med tilknytning til idrettslaget

- (1) Ein medlem som har ei økonomisk særinteresse i drifta av idrettslaget som overstig 1 G i løpet av kalenderåret, kan ikkje veljast til styre, råd, utval/komité osv. i idrettslaget eller overordna organisasjonsledd. Det same gjeld ein styremedlem, tilsett eller aksjonær med vesentleg innverknad i ein juridisk person som har slik økonomisk særinteresse som nemnd i

første setning. Restriksjonen gjeld ikkje for ein styremedlem som er oppnemnd av idrettslaget. Ein tillitsvald som får slik økonomisk særinteresse, slikt styreverv, slik tilsetjing eller slik eigardel, pliktar å tre ut av tillitsvervet, og kan ikkje tre inn att før tilsetjingsforholdet m.m. er avslutta.

- (2) Ein person som ikkje kan veljast etter første ledd, kan heller ikkje veljast eller nemnast opp som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller nemnast opp ein representant med tilsvarende tilknytning til det organisasjonsleddet der representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er vald eller oppnemnd i strid med regelen, blir rekna som ikkje vald eller oppnemnd.
- (4) Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege forhold, gje dispensasjon frå denne regelen for eit val / ei oppnemning.

§ 8 Inhabilitet

- (1) Ein tillitsvald, ein oppnemnd representant eller ein tilsett i idrettslaget er inhabil til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å ta ei avgjerd
 - a) når vedkommande sjølv er part i saka,
 - b) når vedkommande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken,
 - c) når vedkommande er eller har vore gift med eller er trulova eller sambuar med ein part,
 - d) når vedkommande leier eller har ei leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller ein annan juridisk person som er part i saka.
- (2) Like eins er vedkommande inhabil når det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til at vedkommande er upartisk; blant anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gje særleg fordel, tap eller ulempe for vedkommande sjølv eller nokon som vedkommande har nær personleg tilknytning til. Det skal også leggjast vekt på om ein part har reist inhabilitetsinnvending.
- (3) Er ein overordna inhabil, kan heller ikkje ein som er direkte underordna i idrettslaget, avgjere saka.
- (4) Inhabilitetsreglane gjeld ikkje dersom det er innlysande at den tillitsvalde, den oppnemnde representanten eller den tilsette har ei slik tilknytning til saka eller partane at det ikkje vil kunne påverke standpunktet til vedkommande, og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkommande seier ifrå seg plassen sin.
- (5) Med part er det i denne føresegna meint ein person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot, eller som saka elles gjeld direkte.
- (6) I styre, komitear og utval tek organet sjølv avgjerda, utan at vedkommande medlem deltek. Dersom det i éi og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmer, kan ingen av dei delta når deira eigen habilitet eller habiliteten til ein annan medlem skal avgjerast, med mindre organet elles ikkje ville vere vedtaksført i spørsmålet. I det sistnemnde tilfellet skal alle medlemmer som møter, delta. Medlemmen skal i god tid seie frå om forhold som gjer eller kan gjere vedkommande inhabil. Før spørsmålet blir avgjort, bør ein varamedlem eller ein annan person som kan tre inn i staden, kallast inn til å møte og delta ved avgjerda dersom det kan gjerast utan vesentleg tidsspille eller kostnad.

- (7) I andre tilfelle avgjer vedkommande sjølv om vedkommande er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan gjerast utan vesentleg tidsspille, eller vedkommande elles finn grunn til det, skal vedkommande sjølv leggje fram spørsmålet for sin næraste overordna, som så skal avgjere spørsmålet.
- (8) Regelen gjeld ikkje på årsmøtet i idrettslaget.

§ 9 Vedtaksføreik, fleirtalskrav og protokoll

- (1) Styre, komitear og utval i idrettslaget er vedtaksføre når eit fleirtal av medlemmene er til stades. Vedtak blir gjorde med fleirtal av dei røystene som er gjevne. Ved likt røystetal avgjer røysta til møteleiaren.
- (2) Vedtak kan gjerast ved skriftleg handsaming eller ved fjernmøte, dersom eit fleirtal av medlemmene sluttar seg til dette. Ved skriftleg handsaming blir kopiar av saksdokumenta sende samstundes til alle medlemmer med forslag til vedtak. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne kommunisere med kvarandre.
- (3) Det skal førast protokoll frå styremøte. Protokollane skal vere tilgjengelege for medlemmene i idrettslaget, med mindre styret bestemmer noko anna i den enkelte saka.

§ 10 Refusjon av utgifter til tillitsvalde. Godtgjersle

- (1) Ein tillitsvald kan få refundert naudsynte, faktiske utgifter som vedkommande har i samband med utføring av vervet.
- (2) Ein tillitsvald kan få ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.
- 1.1.1 (3) Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal gå klart fram av vedteke budsjett og vedteken rekneskap.*

III. ØKONOMI

§ 11 Rekneskaps- og revisjonsplikt m.m.

- (1) Idrettslaget er rekneskaps- og revisjonspliktig og skal utarbeide ein årsrekneskap som årsmøtet vedtek. Årsrekneskapen skal underteiknast av alle styremedlemmene. Dersom idrettslaget har dagleg leiar, skal òg den daglege leiaren underteikne.
- (2) Idrettslaget skal følgje ordinær lovgiving for rekneskap og revisjon der dette gjeld. Idrettslag med ein årleg omsetnad på fem millionar kroner eller meir skal engasjere revisor og følgje ordinær lovgiving for rekneskap og revisjon sjølv om dei ikkje er forplikta til dette etter ordinær lovgiving. For idrettslag som ikkje har rekneskapsplikt etter ordinær lovgiving, gjeld uansett dette:
- Rekneskapen skal vise ei oppstilling over inntekter og kostnader i rekneskapsåret og skal omfatte heile aktiviteten til idrettslaget. Dersom idrettslaget er delt inn i fleire grupper/avdelingar, skal aktiviteten i dei enkelte gruppene/avdelingane også komme fram i rekneskapen.
 - Alle transaksjonar skal dokumenterast på ein måte som viser kvifor dei er rimelege.
 - Rekneskapen skal bokførast og spesifiserast så ofte som det er rimeleg ut frå kva slags opplysningar det gjeld, og ut frå kva slags og kor stort idrettslag det gjeld.
 - Rekneskapen med alle vedlegg, bokførte opplysningar og underdokumentasjon skal oppbevarast på ein trygg måte i minimum fem år etter utgangen av rekneskapsåret.

- e) Bankkonti skal vere knytte til idrettslaget og skal disponerast av minimum to personar i fellesskap. Alle utbetalingstransaksjonar skal vere godkjende av minimum to personar i fellesskap.

(3) Idrettslaget skal ha underslagsforsikring.

§ 12 Budsjett

- (1) På årsmøtet skal det vedtakast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapen. Eventuelle midlar som er sette av til arbeidet som kontrollutvalet gjer, skal spesifiserast særskilt.
- (2) Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det blir dekt av positiv eigenkapital.
- (3) Det vedtekne budsjettet bør komme fram i ein eigen kolonne når årsrekneskapen blir lagd fram.

§ 13 Utlån og garanti

Idrettslaget kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien er sikra med trygg pant eller anna fullgod sikring. Sikringa for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret.

IV. ÅRSMØTE, STYRE, UTVAL M.M.

§ 14 Årsmøtet

- (1) Årsmøtet er det høgaste styringsorganet i idrettslaget, og det blir halde kvart år innan utgangen av mars månad.
- (2) Styret kallar inn til årsmøtet med minst éin månads varsel direkte til medlemmene, eventuelt på ein annan forsvarleg måte, medrekna ved kunngjering i pressa, eventuelt på internettsida til idrettslaget. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta blir gjorde tilgjengelege på internettsida til idrettslaget eller på ein annen forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjorde tilgjengelege seinast éi veke før årsmøtet. Forslag som skal handsamast på årsmøtet, må vere sende til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre naudsynte saksdokument med forslag til årsmøtet må vere gjorde tilgjengelege seinast éi veke før årsmøtet.
- (3) Ved innkalling i strid med regelen avgjer årsmøtet høvesvis under godkjenning av innkallinga og godkjenning av saklista om årsmøtet er lovleg innkalla, og om det er saker som ikkje kan handsamast.
- (4) Alle medlemmene i idrettslaget har rett til å delta på årsmøtet. Årsmøtet kan avgjere at andre personar og/eller media kan vere til stades, eventuelt at årsmøtet berre er ope for medlemmer og andre med møterett.
- (5) Årsmøtet er vedtaksført dersom det møter minst like mange røysteføre medlemmer som det er styremedlemmer som skal veljast av årsmøtet. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det bli kalla inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.
- (6) På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om endring i lov eller reglar som ikkje er oppførte på den saklista som er gjord tilgjengeleg eller send ut. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med røysterett vedtek det ved godkjenning av saklista.

§ 15 Leing av årsmøtet

Årsmøtet blir leidd av éin eller fleire valde dirigentar. Korkje dirigent eller protokollførar treng vere medlem.

§ 16 Oppgåvene til årsmøtet

Årsmøtet skal

1. godkjenne dei som har røysterett
2. velje dirigent(ar)
3. velje protokollførar(ar)
4. velje to medlemmer til å underskrive protokollen
5. godkjenne innkallinga
6. godkjenne saklista
7. godkjenne forretningsordenen
8. handsame årsmeldinga frå idrettslaget
9. handsame rekneskapen til idrettslaget, den økonomiske meldinga frå styret, meldinga frå kontrollutvalet [og meldinga frå revisor]
10. handsame forslag og saker
11. fastsetje medlemskontingent på minst kr 50, og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsetje treningsavgifter
12. vedta budsjettet til idrettslaget
13. handsame organisasjonsplanen til idrettslaget
14. gjere følgjande val:
 - a) styre med
leiar, nestleiar, 3 styremedlemmer og 1 varamedlem
 - b) kontrollutval med 2 medlemmer og 1 varamedlem
 - c) representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantane
 - d) valkomité med leiar, to medlemmer og éin varamedlem
 - e) eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget

Leiarar og nestleiarar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemmene skal veljast samla. Deretter skal varamedlemmene veljast samla. Der det blir valt fleire varamedlemmer, skal det veljast 1. varamedlem, 2. varamedlem osv.

§ 17 Røysting på årsmøtet

- (1) Med mindre noko anna er bestemt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av røystene. Ingen representant har meir enn éi røyst, og ingen kan røyste på vegner av andre. Blanke røyster skal reknast som ikkje avlagde.
- (2) Valet skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt forslag eller det blir fremja krav om det. Blanke røyster, røyster på kandidatar som ikkje er føreslegne, eller røyster som inneheld fleire kandidatar enn det skal veljast, tel ikkje, og røystene skal reknast som ikkje avlagde.
- (3) Når eit val blir halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av røystene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest røyster. Er røystetalet likt ved omval, skal valet avgjerast ved loddtrekning.
- (4) Når det ved eit val skal veljast fleire ved éi røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avlagde røystene for å bli rekna som valde. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlemmer. Dersom ikkje mange nok kandidatar har oppnådd dette i første omgang, blir dei som har fått

meir enn halvparten av røystene, rekna som valde. Det blir så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga blir dei som har fått flest røyster, rekna som valde. Er røystetalet likt ved omval, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

§ 18 Ekstraordinært årsmøte

- (1) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget blir kalla inn av styret i idrettslaget med ein frist på minst 2 veker etter
 - a) vedtak av styret i idrettslaget,
 - b) vedtak av styre eller årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, eller
 - c) skriftleg krav frå 1/4 eller 50 av dei røysteføre medlemmene i idrettslaget.
- (2) Saklista og andre naudsynte dokument skal leggjast ved innkallinga eller vere gjorde tilgjengelege på forsvarleg måte, og dette skal gå fram av innkallinga.
- (3) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført dersom det møter minst like mange røysteføre medlemmer som det er medlemmer av styret etter denne lova. Dersom det ekstraordinære årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.
- (4) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet/krava om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.
- (5) Ved innkalling i strid med regelen avgjer det ekstraordinære årsmøtet høvesvis under godkjenning av innkallinga og godkjenning av saklista om det ekstraordinære årsmøtet er lovleg innkalla, og om det er saker som ikkje kan handsamast.

§ 19 Disposisjonar som er vesentlege, omfattande eller utanom det vanlege

Disposisjonar som er vesentlege, omfattande eller utanom det vanlege sett opp mot storleiken på og verksemda i idrettslaget, kan berre vedtakast av årsmøtet.

§ 20 Styret i idrettslaget

- (1) Idrettslaget blir leidd og forplikta av styret, som representerer idrettslaget utetter. Styret er det høgaste styringsorganet i idrettslaget mellom årsmøta.
- (2) Styret skal blant anna
 - a) setje i verk regelverk og vedtak som kjem ifrå årsmøtet og overordna organisasjonsledd
 - b) sjå til at midlane til idrettslaget blir brukte og forvalta på ein varsam måte i samsvar med dei vedtaka som er gjorde på årsmøtet eller i overordna organisasjonsledd, og sørge for at idrettslaget har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og ei forsvarleg økonomistyring
 - c) nemne opp komitear/utval og utarbeide mandat/instruks for desse
 - d) nemne opp ein ansvarleg for politiattestordninga og ein ansvarleg for barneidretten
 - e) nemne opp representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar
 - f) rapportere organisasjonsdata i samsvar med krav fastsette av Idrettsstyret
- (3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemmene krev det.

§ 21 Kontrollutval

- (1) Kontrollutvalet har desse oppgåvene:

- a) sjå til at verksemda i idrettslaget blir driven i samsvar med regelverket og vedtaka til idrettslaget og overordna organisasjonsledd;
 - b) følgje særleg med på at idrettslaget har ei forsvarleg forvaltning og økonomistyring, og at midlane til idrettslaget blir brukte i samsvar med lover, vedtak, løyvingar og økonomiske ramar;
 - c) få lagt fram for seg alle forslag til vedtak som skal handsamast på årsmøtet, og gje ei fråsegn om dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet deira;
 - d) føre protokoll over møta sine, levere ei melding til årsmøtet, og revidere rekneskapen, med mindre idrettslaget har engasjert revisor. I så fall skal utvalet minst ha eit årleg møte med revisor, og dersom det trengst, kan utvalet engasjere revisor for å utføre dei revisjonsoppgåvene utvalet finn naudsynte;
 - e) [utføre oppgåvene som går fram av den vedtekne instruksen.]
- (2) Kontrollutvalet skal ha tilgang til alle opplysningar, utgreiingar og dokument som utvalet reknar som naudsynte for å utføre oppgåvene sine.

§ 22 Valkomité

Valkomiteen bli vald på årsmøtet på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret, og skal leggje fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet. Ein medlem av ein valkomité som sjølv blir kandidat til eit verv, pliktar å tre ut av valkomiteen med mindre vedkommande skriftleg melder frå til valkomiteen og forslagsstillaren om at vedkommande ikkje er aktuell for vervet.

§ 23 Grupper

- (1) Årsmøtet i idrettslaget kan vedta å opprette og leggje ned grupper, og korleis desse skal organiserast og leiast. Dette blir vedteke i samband med den årlege handsaminga av organisasjonsplanen til idrettslaget, jf. § 16 pkt. 13.
- (2) Dersom årsmøtet i idrettslaget ved handsaminga av organisasjonsplanen har vedteke å opprette grupper med gruppestyre, gjeld følgjande:
- a) Kvar gruppe skal ha eit gruppestyre på minst tre medlemmer. Gruppestyret blir valt på årsmøtet. Grappa føreslår kandidatar til gruppestyret til valkomiteen. Eventuelt kan årsmøtet gje hovudstyret fullmakt til å nemne opp gruppestyre etter forslag på kandidatar frå grappa.
 - b) Grappa held eit årleg møte før årsmøtet i idrettslaget. Hovudstyret fastset ein siste frist for å halde det årlege møtet. Møtet blir kalla inn av gruppestyret med frist på minst éi veke. Det årlege møtet skal handsame rekneskapen til grappa, og kan fremje innspel til hovudstyret om blant anna rekneskapen, årsmeldinga, treningsavgifta, budsjettet og årsplanen til idrettslaget.
 - c) Gruppestyret konstituerer seg sjølv, med mindre årsmøtet har vedteke noko anna.
 - d) Gruppestyret fastset ei eventuell årleg treningsavgift innanfor ramma av fullmakt som er gjeven av årsmøtet.
- (3) Gruppestyret eller representantar for grupper kan ikkje inngå avtalar eller på annan måte forplikte idrettslaget utan fullmakt frå hovudstyret.

V. ANDRE REGLAR

§ 24 Lovendring

- (1) Styret skal oppdatere lova i samsvar med eventuelle endringar i lova/lovnorma til NIF, og gjere endringane kjende for medlemmene i idrettslaget så snart dei er vedtekne av styret.

- (2) Andre lovendringar kan berre vedtakast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte i idrettslaget etter å ha vore oppførte på saklista, og krev 2/3 fleirtal av røystene. Endringane trer i kraft straks, med mindre årsmøtet vedtek noko anna. Dersom årsmøtet vedtek lovendringar, blir protokollen send til idrettskrinsen. Ved eventuell motstrid mellom regelverket til idrettslaget og regelverket til NIF går regelverket til NIF føre. Idrettskrinsen kan, som overordna organisasjonsledd, påleggje naudsynt endring for å unngå motstrid med regelverket til NIF.
- (3) Endringar i §§ 24 og 25 kan ikkje vedtakast av idrettslaget sjølv med mindre endringane følgjer av regelverket eller lovnorma til NIF.

§ 25 Oppløysing, samanslutning, utmelding og anna opphøyr

- (1) Forslag om oppløysing må vedtakast med 2/3 fleirtal på to årsmøte på rad, der det andre årsmøtet må haldast minimum tre månader og maksimum seks månader seinare. Dersom årsmøtet i idrettslaget vedtek oppløysing samrøystes, er idrettslaget oppløyst utan påfølgjande årsmøte. Idrettslaget skal skriftleg varsle idrettskrinsen og særforbundet seinast 14 dagar før årsmøtet i idrettslaget handsamar forslag om oppløysing.
- (2) Samanslutning med andre idrettslag blir ikkje rekna som oppløysing av idrettslaget. Vedtak om samanslutning eller utmelding frå særforbund og/eller NIF skal gjerast i samsvar med vedtektene om lovendring, jf. § 24.
- (3) Ved utmelding går idrettslaget sine eigedelar til NIF eller formål godkjende av Idrettsstyret dersom det er ytt offentleg støtte / spelemidlar til desse eigedelane. Ved oppløysing eller anna opphøyr av idrettslaget går overskytande midlar i laget etter avvikling til eit formål godkjent av idrettskrinsen. Underretning om at idrettslaget skal løysast opp, skal sendast til idrettskrinsen 14 dagar før idrettslaget held det ordinære årsmøtet sitt for handsaming av saka.

Forslag til vedtak: Framlagde lovnorm vert godkjennnd.

SAK 15: SNØPRODUKSJONSANLEGG LYSLØYPA

Prosjektgruppa har jobba fram planar for snøproduksjonanlegg i lysløpa. I forhold till opphavelge planar har ein korta ned løypa for å redusere investeringane i tråd med den eksterne finansieringa ein allereie har på plass. Ein har skaffa ekstern investering på 3,3 mnok, noko som tilsvarer ei løype på 1km (500 meter kvar veg). Prosjektet og anlegget legg likevel til rette for vidare utvidingar dersom ein får på plass ytterligere finansiering, anten nå eller seinare.

Kostnadsoverslag for 1 km løype:

BUDSJETT SNØPRODUKSJONSANLEGG, REDUSERT UTBYGGING 500 METER (1 km)

Nr.	Type	Tal	Eining	Pris u/mva	Sum	mva	Pris m/mva	Dugnadsvardi	Sum
1	Inntaksbrønn		1 stk	110 000 kr	110 000 kr	27 500 kr	137 500 kr		137 500 kr
2	Matevannsledning		1 stk	36 000 kr	36 000 kr	9 000 kr	45 000 kr		45 000 kr
3	Høytrykksstasjon		1 stk	300 000 kr	300 000 kr	75 000 kr	375 000 kr		375 000 kr
4	Rørgate		500 meter	461 kr	230 500 kr	57 625 kr	288 125 kr		288 125 kr
5	Snøkanoner		2 stk	343 000 kr	686 000 kr	171 500 kr	857 500 kr		857 500 kr
6	Seksjoneringsbrønn		1 stk	40 000 kr	40 000 kr	10 000 kr	50 000 kr		50 000 kr
7	Lave punkter		3 stk	18 000 kr	54 000 kr	13 500 kr	67 500 kr		67 500 kr
8	Høye punkter		2 stk	25 000 kr	50 000 kr	12 500 kr	62 500 kr		62 500 kr
9	El kabel og elektrantar		500 meter	460 kr	230 000 kr	57 500 kr	287 500 kr		287 500 kr
10	Montasje røyr og matevannsledning		625 meter	230 kr	143 750 kr	35 938 kr	179 688 kr		179 688 kr
11	Graving		625 meter	350 kr	218 750 kr	54 688 kr	273 438 kr		273 438 kr
12	Transport/frakt		1 stk	80 000 kr	80 000 kr	20 000 kr	100 000 kr		100 000 kr
13	Diverse, pumpehus, kabelgrus, elmateriell		1 stk	400 000 kr	400 000 kr	100 000 kr	500 000 kr	100 000 kr	400 000 kr
14	Kjøletårn		1 stk	200 000 kr	200 000 kr	50 000 kr	250 000 kr		250 000 kr
15					- kr	- kr	- kr		- kr
16					- kr	- kr	- kr		- kr
17					- kr	- kr	- kr		- kr
	Sum				2 779 000 kr	694 750 kr	3 473 750 kr	100 000 kr	3 373 750 kr

Finansiering:

Bidrag	
Tippemidler	1 000 000 kr
Suldal kommune	1 000 000 kr
Ryfylkefondet	300 000 kr
Sparebankst. Sauda	235 000 kr
Sparebankst. Sauda	50 000 kr
Sparebankst. SR-bank	250 000 kr
Sparebanken Vest allmenn.tilt.	500 000 kr
Sum	3 335 000 kr
Nødvendig egenkapital	38 750 kr
Sum	3 373 750 kr

Driftsbudsjett:

Inntekter

	Fast årlig sum	Varierende etter besøk
Suldal IL skigruppa	10 000	-
Hjelmeland IL skigruppa	50 000	-
Andre idrettslag (avtalte dagsbesøk)	-	15 000
Treningssamlinger idrettslag (over flere dager)	-	15 000
Gullingen utviklingselskap	10 000	-
Ulike hytteveforeninger (5000 a 4 stk foreninger)	10 000	-
Vipps dagsbesøk (50-100 kr besøket?)	-	10 000
Etablere Mosvatnets venner (årskontgent 300 kr)	15 000	-
Haugaland Kraft	20 000	-
	115 000	40 000
Totalt		155 000

Utgifter

	Faste	Varierende
Strøm	10 000	17 280
service	5 000	25 000
Dugnad (Mat, takk-for-hjelpen-gave)	-	5 000
Planering etter produksjon (Gullspor)	-	30 000
Kompensasjon produksjon dagtid (Gullspor)	-	54 000
	-	-
	15 000	131 280
Totalt		146 280

Totalt Budsjett	8 720
------------------------	--------------

Saka er handsama av styret som har godkjent planane for snøproduksjon. I tråd med prosjektmandat må prosjektet godkjennast av årsmøte før iverksetjing.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner planane for kunstsnøproduksjon i lysløypa og gir prosjektgruppa løyve til å setje i gong arbeidet.

SAK 16: VAL

Verv som er på val framgår av innstilling frå valnemd nedanfor. Rolla som leiar og nestleiar i hovudstyret er på val kvart år.

VAL SULDAL IL - 2020 - forslag frå valnemd

Rolle	Namn	Valg 2020	Status val 2019 / 2020	Gjenvalg	Kommentar
HOVUDSTYRET					
Leiar	Helen Moen Gjuvsland	x	Valgt i 2020 for 2 år		På valg som leiar for 1 år
Nestleiar	Øyvind Gjuvsland	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	På valg som nestleiar for 1 år
Skrivar	Kristine Bøe Berge		Valgt i 2019 for 2 år		
Kassesar	Elisabeth Steine	x	Valgt i 2020 for 2 år		
Styremedlem	Vidar Jørgensen		Valgt i 2019 for 2 år		
Varamedlem	Hege Hiim Steine		Valgt i 2019 for 2 år		
FOTBALL					
Medlem	Svein Øystein Berge		Valgt i 2019 for 2 år		
Medlem	Neri Fisketjøn	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	
Medlem	Siri Fisketjøn Indrebø	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	
Medlem	Jon Bråtveit	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	
Medlem	Ane Hoås Foldøy		Valgt i 2019 for 2 år		
SKI					
Medlem	Per Even Tjøstheim		Valgt i 2019 for 2 år		
Medlem	Arne Mehus	x	Valgt i 2020 for 1 år *	x	
Medlem	Dagfinn Havrevoll	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	
Medlem	Oddny Lunde Bakka		Valgt i 2019 for 2 år		
Medlem	Sverre Vik	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	
TRIM					
Medlem	Sveinung Steine	x	Valgt i 2020 for 2 år		
Medlem	Siri Horvei		Valgt i 2019 for 2 år		
Medlem	Mina Lunde		Valgt i 2019 for 2 år		
ØKONOMI					
Medlem	Wenche Olene Vårvik	x	Valgt i 2020 for 2 år		
Medlem	Inger Kristin Mehus	x	Valgt i 2020 for 1 år *		
Medlem	Eldrid Bakka Lunde	x	Valgt i 2020 for 2 år		
KONTROLLUTVAL					
Medlem	Margrete Moen		Valgt i 2019 for 2 år		
Medlem	Gunvor W. Hoftun	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	
Varamedlem	Silje Helen Færøy	x	Valgt i 2020 for 2 år		
VALNEMD					
Medlem	Leif Bakka	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	
Medlem	Geir Bjarte Hoftun		Valgt i 2019 for 2 år		
Medlem	Heidi Elin Steine		Valgt i 2019 for 2 år		
Varamedlem	Renate Melby	x	Valgt i 2020 for 2 år	x	